



Saksprotokoll

Organ: Fylkestinget

Møtedato: 18.10.2016

Sak nr.: 15/8818-28

Internt l.nr.: 35259/16

Sak: 34/16

Tittel: **Reglement og rutinar for finans- og gjeldsforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune**

Behandling:

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Reglement for finans- og gjeldsforvaltninga for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vedteke i samsvar med vedlegg 1, med verknad frå 1. januar 2017.
2. Rutinar for finans- og gjeldsforvaltninga for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vedteke i samsvar med vedlegg 2, med verknad frå 1.januar 2017.

Endringsframlegg:

Framlegg frå Venstre til nytt punkt 1:

Reglement for finans- og gjeldsforvaltninga for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vedteke i samsvar med vedlegg 1, med følgjande tillegg i Kap 9 Etske retningslinjer:

"Sogn og Fjordane fylkeskommune skal ikkje plassere kapital i kol-selskap, eller i fond som på plasseringstidspunktet har midlar i kol-selskap. Med kol-selskap er det meint kolgruveselskap og kolkraftproduksjonselskap som har meir enn 30 prosent av inntektene fra kolbasert verksemd."

Avrøysting:

Framlegget frå Venstre om eit nytt punkt 1 vart vedteke mot 2 røyster.
Punkt 2 i framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Reglement for finans- og gjeldsforvaltninga for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vedteke i samsvar med vedlegg 1, med verknad frå 1. januar 2017, med følgjande tillegg i Kap 9 Etske retningslinjer:

"Sogn og Fjordane fylkeskommune skal ikkje plassere kapital i kol-selskap, eller i fond som på plasseringstidspunktet har midlar i kol-selskap. Med kol-selskap er det meint kolgruveselskap og kolkraftproduksjonselskap som har meir enn 30 prosent av inntektene fra kolbasert verksemd."

2. Rutinar for finans- og gjeldsforvaltninga for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vedteke i samsvar med vedlegg 2, med verknad frå 1.januar 2017.

